

STATUSRAPPORT



NRK Nynorsk mediesenter

28.06.2023

- ✓ **Vi er på plass i Nynorsket i Førde**
- ✓ **Arrangerer nasjonal språkkonferanse**
- ✓ **Praktikantar med nybrottsarbeid i praksis**
- ✓ **Ny runde med nynorskurs og fadderordning**
- ✓ **Speljournalist i gamer.no fekk nynorskprisen**

Sidan starten i 2004 har NRK Nynorsk mediesenter lært opp 190 praktikantar. Frå dei siste ti kulla er 52 prosent framleis i NRK. 30 prosent jobbar i TV 2 og andre medium.

Leiaren oppsummerer våren 2023

I den førre statusrapporten gjekk det fram at våren 2023 kunne bli svært hektisk på NRK Nynorsk mediesenter. Og spådommen var ein innertiar. Første halvår 2023 har vore intenst hektisk på alle frontar. Det kan best oppsummerast i kulepunkt:

- Opplæring av kull 38
- Rekruttering av kull 39
- Innflytting i nye lokale
- Nynorskurs i NRK
- Nynorsk fadderordning
- Utdeling av nynorskprisen
- Planlegging av språkkonferanse

Puh! No er vi endeleg på plass i Nynorskhuset. Det er eit meir moderne hus enn det gamle vi hadde på Prestebøen i Førde, og det kjennest både spennande og inspirerande. Vi trur det vil merkast for praktikantane, og ikkje minst det at vi kjem tettare på praktikantordninga til avisbransjen. Eg er sikker på at det vil gje eit betre praktikantmiljø både sosialt og fagleg.

Samstundes er det forplikande for alle aktørane som no er under same tak. NRK, Firda og Teater Vestland må saman syte for at det kjem synergieffektar ut av samarbeidet til fordel for nynorsken. Det blir noko av det vi må ha fokus på utover hausten, og vi startar opp med offisiell opning og eigen språkkonferanse i september. Og så må vi halde oppe «trøkket» også vidare.

Samstundes må NRK Nynorsk mediesenter halde oppe «trøkket» på opplæringa av nynorskpraktikantar – som trass alt er det aller viktigaste vi driv med. Og NRK må tilsette nynorskbrukande journalistar for å permanent kunne klare nynorskkravet på 25 prosent. Vi ser at det er den beste medisinen!

Det er sånn sett paradoksalt at vi opplever få tilsettingar av tidlegare praktikantar i NRK. Faktisk er det ingen som har fått fast jobb etter årsskiftet. Men er det noko NRK treng, så er det fleire flinke nynorskpraktikantar i faste jobbar.

Det finst ein regel om at praktikantar skal ha prioritet til stillingar dei er fullt ut kvalifiserte for, men eg kan ikkje sjå at denne regelen er i bruk. Kanskje er det på tide å børste støvet av denne og gjere redaksjonane bevisste på at han eksisterer.

Rune Fossum Lillesvangstu, Førde 28. juni 2023

Vi er på plass i Nynorskhuset i Førde

Fredag 16. juni flytta NRK Nynorsk mediesenter og NRK Vestland inn i det splitter nye Nynorskhuset i Førde. Her er vi under same tak som Firda Media, Nynorsk avissenter og Teater Vestland.



- Med så mange og sterke nynorskinstitusjonar i same bygg, har vi ambisjonar om å bli eit kraftsentrum for nynorsk. Alle har til felles at vi brukar nynorsk, og at vi driv med formidling og samfunnskritikk, seier leiar Rune Fossum Lillesvangstu i NRK Nynorsk mediesenter.

NRK er godt i gang med å sende radiosendingar frå Nynorskhuset. Og det neste kullet ved NRK Nynorsk mediesenter blir det aller første som får opplæring og praksis i dei splitter nye lokala. Den såkalla «hylla» er ein etasje der også Nynorsk avissenter held til – vegg i vegg med mediesenteret. Det er berre ein foldevegg av glas som fysisk skil dei to rekrutteringstiltaka i Førde. Og den kan dei opne og lukke slik dei måtte ønske frå dag til dag.

- Det opnar for at vi kan samarbeide endå betre. Så det blir spennande å sjå kva vi kan få til saman framover, seier Lillesvangstu.

Praktikantane på kull 39 vart tilsett i starten av mai. Les meir om dei lenger bak.

Alt klappa og klart til konferansen «Nynorsk i rampelyset»

Korleis er det å vere nynorskbrukar, drive med formidling og stå i rampelyset i 2023? Det er tema for konferansen «Nynorsk i rampelyset» i Førde i haust.

Språkkonferansen blir arrangert i samband med den offisielle opninga av Nynorskhuset i september. Opninga er torsdag 28. september, medan konferansen går av stabelen i den store teatersalen i Nynorskhuset fredag 29. september.

- Vi gler oss veldig. Vi har valt eit tema vi håpar skal vere interessant for mange, seier Rune Fossum Lillesvangstu.

Arrangørane jobbar med ei undersøking for å finne ut korleis respondentar i heile landet opplever det å vere nynorskbrukar. Så vil profilerte nynorskbrukarar som Ingvild Bryn, Erik Ulfsby, Tore Renberg og andre sette ord på korleis dei opplever det. Programmet blir leia av Arianrhod Engebø og Harald Thingnes.

Språkkonferansen er eit samarbeid mellom NRK Nynorsk mediasenter, Teater Vestland og Nynorsk avissenter.

- Ambisjonen vår er å sette Nynorskhuset på det nasjonale kartet gjennom denne konferansen. Vi håpar og at dette skal bli eit kraftsentrum med jamne arrangement også framover, seier Rune Fossum Lillesvangstu.

Nynorskhuset har fått egne nettsider på www.nynorskhuset.no. Her kan alle halde seg orientert om kva som skjer på huset, og du kan sjå heile programmet og kjøpe billetter til språkkonferansen.

Program språkkonferansen «Nynorsk i rampelyset»

Fredag 29. september

Konferansier:
Arianrhod Engebø og Harald Thingnes

11.00 Opningsinnslag v/Teater Vestland

11.05 Velkommen ved Arianrhod Engebø og Harald Thingnes

11.10 Opning ved Kulturminister Anette Trettebergstuen

11.30 Nynorskfugl i bokmålslend - Ingvild Bryn
NRK-anker Ingvild Bryn har gjennom eit langti yrkesliv gjort seg mange erfaringar som nynorskbrukar i riksmåla. Ho har vore NRK sin korrespondent i USA, og programleiar i Dagsrevyen i ei årrekke. Her fortel ho om korleis språkkonferansen startar i barneskolen, vegen vidare og korleis det er å vere eksponert nynorskbrukar som anker for NRK sitt flaggskip på riksdekkende fjernsyn.

12.20 Lunsj

13.00 Nynorskbrukarar i rampelyset. Erik Ulfsby – teatersjef ved Det Norske Teatret i Oslo, Tore Renberg – forfattar, Karen Anna Kleppe og Trine Svanholm Mijse – journalistar i TV 2
Vi får høyre om erfaringane med å bruke nynorsk til formidling i ulike bransjer. Kva fordølar og skemper kan det vere, og kva opplevingar har dei ulike innleggshaldarane? Erik Ulfsby har gjort Det Norske Teatret til eitt av dei viktigaste teatret i landet, høyrdelege Tore Renberg får Nynorsk litteraturpris for «Tollak til Ingaborg» og journalistane Karen Anna Kleppe og Trine Svanholm Mijse har vore pionerarar for nynorsk på nettjdsene til TV 2.

13.40 Pause

14.00 Presentasjon av meningsmåling om status for nynorskbrukarar i dag
Vi får presentert funn frå ei forskundersøking om status for nynorskbrukarar rundt om i landet. Korleis opplever folk Rest det å vere nynorskbrukar i Noreg i dag? Undersøkinga er bestilt av NRK Nynorsk Mediasenter, Nynorsk avissenter og Teater Vestland, og er gjort i samarbeid med LNK, Nynorsk kultursentrum og Noregs Målag. Presentert av Svein Olav Langøker, Rune Fossum Lillesvangstu og Ingunn Oslund.

14.20 Samtale og diskusjon, med innspel frå salen
Bådeppel for diskusjonen er undersøkinga og det vi har fått høyre frå innleiarane. Kva synest dei om situasjonen, kva er positivt og kva er utfordringane? Debattearane diskuterte og prøver å sjå inn i glaskula. I panelet finn vi mellom andre representantar for Språkrådet, Svein Olav Langøker (LNK), Karoline Riise Kristiansen (språksjef i NRK) og Magni Øvreboften (pensjonert nynorsk-forkjempar i NRK).

15.00 Pause

15.10 Nynorskhuset
Idéen og fasisen bak Nynorskhuset v/ Arve Sandal, i samtale med konferansierane

15.30 Rekrutteringsutskaka i Førde
Kva rolle kan aktørane i Nynorskhuset spele for nynorsken i framtida? Vi får høyre meir om korleis det blir jobba med rekruttering og oppløring av nynorskbrukande journalistar ved NRK Nynorsk mediasenter og Nynorsk avissenter. Det blir og informasjon om status for Nynorsk scenespråksenter.

15.45 Musikkinnslag v/ Sigrid Moldestad

15.55 Avslutning med frampek til kveldens Språksjov m/ Linda Eide

16.00 Slutt

NYNORSKHUSET

Eit bilete for historiebøkene

Det er ikkje kvar dag seks generasjonar med nynorskpraktikantar står til teneste i nyheitsmorgon. Men 13. juni 2023 var alle desse tidlegare nynorskpraktikantane involverte i radiosendinga!



Dei seks praktikantane var (frå venstre på biletet) Synne Malen Sandven (kull 38), Vegard Tjørhom (kull 18), Ingrid Nedrebø (kull 37), Kristina Kassab Liland (kull 36), Katrine Nybø (kull 16) og Vidar Eidhammer (kull 5).

- Det er kjekt å sjå at så mange generasjonar med nynorskpraktikantar er med og bidreg til nynorsken i NRK på éin og same gong, seier leiar Rune Fossum Lillesvangstu ved NRK Nynorsk mediesenter.

Han meiner at nynorskbrukande journalistar er den desidert mest effektive medisinen for å få opp nynorskprosenten i NRK.

- Tenk for ein effekt det må ha hatt for nynorskdelen når seks nynorskbrukande journalistar bidrog til sendinga. Applaus for nyheitsmorgon, seier Lillesvangstu.

Simon Solheim ny redaksjonsleiar i Nyheitsdivisjonen i NRK



Simon Solheim er tilsett som redaksjonsleiar i Direkte i Nyheitsdivisjonen i NRK.

– I litt over eitt år har Simon fungert i stillinga, og han har tatt breakingsatsinga vår opp på eit nytt nivå. Med systematikk, teknisk og journalistiske kompetanse og konkurranseinstinkt jobbar han for at NRK skal vere først med heile bildet på dei største nyhetssakene, seier redaktør Kathrine Hammerstad til m24.no.

Solheim har jobba i NRK i fleire år, og han har erfaring som både reporter, vaksjef og dokumentarist i Innanriks, Direkte, Dagsrevyen, Dokumentar og samfunn og NRK sitt distriktskontor i Førde. Han starta som praktikant på kull 11 ved NRK Nynorsk mediesenter i 2009.

To fekk vikariat i Bergen

To tidlegare nynorskpraktikantar har fått vikariat i Bergen. Det lengste vikariatet gjekk til Maria Gunnarsdotter Svedal, som er sikra arbeid fram til våren 2024.

Svedal gjekk på kull 31 i 2021, og har etter det vore på NRK sitt kontor i Sogndal og vore vikar i Bergen. Ho går inn i nyheitsreporter-turnusen i Bergen.

Oda Flaten Lødemel kjem tilbake til NRK etter å ha vore vikar i TV 2 si innanriksavdeling. Lødemel gjekk NRK Nynorsk mediesenter våren 2022. Ho startar 1. juli og har fått vikariat ut året.

Tilbake til NRK etter eit år i Afrika

Per-Ivar Kvalsvik har fått eit årsvikariat som produsent i Nyheitsmorgon.



- Eg ser fram til å komme i gang. Eg kan ikkje sjå for meg nokon betre plass å jobbe med nyheiter på radio enn Nyheitsmorgon og Dagsnytt, seier Kvalsvik.

Det siste året har han jobba for DDFinance i Nairobi, der han har vore med på eit utvekslingsprosjekt gjennom Norec. Etter sommaren vender han nasen heimover.

- Året i Afrika har vore gøy og lærerikt. Å jobbe i ein annan kultur krev at ein er både audmjuk og nysgjerrig. Om ein jobbar med kommunikasjon, så er ein avhengig av å forstå korleis målgruppa tenker. Det blir utfordrande når dette er folk du har lite til felles med frå før. Eg har måtte spørje mange dumme spørsmål, og eg har fått mange aha-opplevingar. Kenya – som dei fleste andre afrikanske land – har mange utfordringar. Men det er òg eit land fullt av moglegheiter, pågangsmot og optimisme. Det har vore eit år med opplevingar og erfaringar som eg aldri ville vere utan, seier 29-åringen frå Sunnmøre.

NRK hadde 42 søkarar til to stillingar som produsent i Nyheitsmorgon.

- Søkarlista var rett og slett knallsterk, seier redaksjonssjef Elise Hazel Asbjørnsen.

Kvalsvik var nynorskpraktikant på kull 33 i 2020. Etter det har han hatt fleire vikariat i NRK Møre og Romsdal, før han sist haust reiste til Afrika.

Frå Sør-Korea skriv Synne nyhende på nynorsk for born



– Journalistyrket er fantastisk – du kan ta med deg jobben overalt, seier Synne Ulltang.

Ho er ganske fersk i jobben som journalist i Framtida Junior, ei nynorsk avis for barn mellom 7 og 14 år. Hit kom ho frå jobb som nynorsk språkansvarleg i Skatteetaten. På fritida tok ho på seg ulike skriveoppdrag.

– Emna vi jobba med i Skatteetaten og det vi skriv om i Framtida Junior er ganske ulike. Men nynorsk er fellesnemnar for begge, og å nå målgruppa med informasjon, seier Synne Ulltang.

Ulltang var praktikant på kull 27 i 2017. Etter praktikanttida studerte ho mellom anna i Sør-Korea, der ho delvis bur i dag.

Framtida Junior er i nær slekt med Framtida.no, som skriv for ungdom og vaksne. Her har Ulltang selskap av tre andre tidlegare praktikantar; Åshild Slåen (kull 34 i 2021), Ingvild Eide Leirfall og Birgitte Vågnes Bakken (begge kull 29 i 2018).

Fekk plass på masterclass i podkast

Blant meir enn 50 dyktige søkarar, fekk Raymond Lidal plass blant dei 15 deltakarane på masterclass podkast i 2023.

Deltakarane kjem frå mange ulike redaksjonar og regionar i NRK, og målet er at dei skal bidra til eit godt fagmiljø og dele kunnskapen med alle rundt seg.

Lidal debuterte med podkastserien «Dilemmaklemma» for NRK Super i fjor. Han var nynorskpraktikant i 2012, og jobbar no i NRK Vestland og NRK Super-redaksjonen i Førde.

Heldt sju nynorskkurs på ei veke

I løpet av ei god veke var om lag seksti NRK-tilsette på nynorskkurs med Marte Halsør og Rune Fossum Lillesvangstu.



Dei to kurshaldarane hadde kjekke og travle dagar med fullt fokus på å auke nynorsk-kompetansen i NRK.

- Vi håpar at deltakarane har fått kjenne på språkglede, og at fleire no vil prøve seg på nynorsk, seier leiar Rune Fossum Lillesvangstu ved NRK Nynorsk mediesenter.

Saman med Marte Halsør frå deskredaksjonen til NRK Nyheiter heldt han i mai kurs både på Marienlyst og Tyholt. Til saman var om lag 60 NRK-tilsette på kursa. Deltakarane kom frå mellom anna forsida, kulturavdelinga, dokumentar og samfunn, P3, nyhendeavdelinga og NRK Trøndelag.

Fleire gav uttrykk for at det var inspirerende, at dei fekk auka kompetansen - og at dei fekk lyst til å prøve å skrive tekstar på nynorsk.

Fire tilsette fullførte fadderordninga

Fem personar deltok på nynorsk fadderordning i regi av NRK Nynorsk mediesenter frå 17. april til 11. juni. Fire av dei fullførte. Desse kom frå ulike avdelingar i NRK, som DK Østlandssendingen, NRK Kultur og NRK Trøndelag.

- Deltakarane melder at dei kjenner seg tryggare på nynorsken, og dei er trygge på at det som blir publisert er rett. Minst ein av deltakarane var med på nynorskkurs før oppstart, og melder at dette kurset var særst nyttig. Det er lettare å ha ein fast person å spørje enn å be om hjelp i nynorsk-slacken, heiter det i rapporten.

Det er faglærer Eva Marie Felde som har koordinert arbeidet med ordninga for NRK Nynorsk mediesenter. Både nynorskkursa og fadderordninga er satsingar i samarbeid med språksjefen i NRK.

Speljournalist i gamer.no fekk nynorskprisen for journalistar 2023



UTDELINGA: Prisvinnar Øystein Furevik (midten) i samtale med juryleiar Solveig Barstad og gründer Tor-Steinar Tangedal i gamer.no under utdelinga i Ørsta. Foto: Rune Fossum Lillesvangstu, NRK

Øystein Furevik gir lesarane nynorsk i ei verd prega av engelsk og bokmål.

- For meg er nynorsk finare melodisk. Det er meir poetisk, og ikkje så akademisk, seier mottakaren av Kultur- og likestillingsdepartementets nynorskpris for journalistar i 2023.

Furevik jobbar til dagleg som assistent ved Førde ungdomsskule. Etter at han starta som journalist i gamer.no i 2002 har han skrive over 1900 artiklar og spelmeldingar for nettstaden. Alle på nynorsk. Av dei kring 30 som skriv for redaksjonen er dei to som skriv nynorsk.

I takketalen rosa han mellom anna den tidlegare redaktøren sin, Tor-Steinar Tangedal, for å ønske nynorsk på trykk.

– Eg synest det var eit friskt pust å ha meldingar på nynorsk. Det passa inn i målsettinga mi om at gamer.no skulle vere ei ny stemme i speljournalistikken. Det gjorde nettstaden vår betre, sa Tangedal.

I juryen for nynorskprisen sat Solveig Barstad (leiar), Jens Kihl og Øystein A. Vangsnes. Leiaren ved NRK Nynorsk mediesenter er fast sekretær for juryen.

Eidhammer tildelt mediemålpris

Vidar Eidhammer er heidra for bruken av godt og korrekt nynorsk normaltalemål.



PRISVINNAR: Vidar Eidhammer vart overraska på jobb med mediemålpris. Foto: Håkon Benjaminsen, NRK

Alf Helleviks mediemålpris går til nynorskbrukarar i radio og TV som legg vekt på å dyrke eit normalisert nynorsk talemål.

– Eg er ikkje så glad i merksemd for det eg gjer, så dette vart litt mykje, men tusen takk, sa Vidar Eidhammer.

Han fekk prisen etter ei morgonvakt i NRK, der han med ei klokkeklar røyst losa alle Dagsnytt sine lyttarar gjennom dei viktigaste sakene. Vidar Eidhammer gjekk på kull fem på NRK Nynorsk mediesenter i 2006. Han hadde praksis i NRK Sport, og vart fast tilsett i NRK i 2014.

Juryen legg vekt på at Eidhammer nærast har blitt eit nynorsk varemerke, ein dagleg nynorsk-garantist i NRK sine nyheitssendingar på radio. Han er eit viktig symbol for at det nynorske normaltalemålet skal leve i det offentlege rommet, skriv dei i grunngjevinga.

Vart heidra av NJ i Møre og Romsdal

Solveig Nyhus Aksnes og gravegruppa i region midt fekk heiderleg omtale for artikkelen om tilstanden for norske tilflyktsrom, då NJ i Møre og Romsdal i mars delte ut prisar for 2021 og 2022. Aksnes var praktikant i 2018. Ho jobbar til dagleg i NRK Møre og Romsdal.

Vann Alversund mållag sin målpris

Ei veke før han starta som politisk redaktør i BA, fekk Sølve Rydland målpris.



PRIS: Tidlegare vinnarar av Alversund mållag sin målpris er blant andre Claus Sellevoll og Jens K. Styve.
Foto: Kasper Prestmo Valestrand

Rydland var ein av dei første journalistane i Bergen som dekte SK Brann og bergenspolitikken på nynorsk, og det har han halde fram med i Bergensavisen.

Målprisnemnda la i grunngjevinga si vekt på at Rydland gjennom fleire år i NRK og avisa Nordhordland har vore «ein tydeleg og konsekvent brukar av nynorsk språk og striledialekt».

Rydland var nynorskpraktikant ved NRK Nynorsk mediesenter på kull 3 i 2005. Han jobba etter det i mange år for NRK i Bergen. Frå august 2021 til februar 2023 var han redaktør i avisa Nordhordland. Han er no politisk redaktør i Bergensavisen.

Stakk av med pris 1

Utanrikskorrespondent Roger Sevrin Bruland og gjengen bak NRK-dekninga av Ukraina-krigen fekk pris for «Årets nasjonale nyheitsdekning» under Mediedagane i Bergen. Prisen var delt mellom NRK og Aftenposten.

Stakk av med pris 2

Elias Engevik og TV 2 Utenriks fekk pris i kategorien «prosjekt» under Bergen journalistlags «Gullparaplyen» i vår. Engevik var praktikant ved NRK Nynorsk mediesenter i 2014. Han jobbar no som fotograf i TV 2, der han mellom anna har levert stoff frå krigen i Ukraina.

Praktikantar gav nynorsk-oppsving for praksisredaksjonane sine

Fleire praksisredaksjonar fekk i vår oppleve kor avgjerande det kan vere for nynorskprosenten å ha nynorskbrukande journalistar.



Korkje NRK Ung eller Fredrikstad-redaksjonen til NRK Oslo og Viken hadde nynorskbrukande journalistar frå før, då nynorskpraktikantane på kull 38 starta i praksis i mai. Det var såleis utfordrande å produsere stoff på nynorsk. Det kom seg raskt då Annvor Seim Vestrheim og Oda Bjønnnes Hanslien byrja i praksis i dei to redaksjonane.

- Tilbakemeldingane frå redaksjonsleiingane er at praktikantane faktisk fekk fart på nynorsken. Og ikkje berre vart det meir journalistikk på nynorsk – dei gjorde det på ein måte som var positiv og inspirerande for dei andre i redaksjonane, seier leiar Rune Fossum Lillesvangstu ved NRK Nynorsk mediesenter.

Praktikantane på kull 38 byrja på opplæringa i Førde i januar 2023. Ved utgangen av juni var dei ferdige som nynorskpraktikantar. Dei hadde praksis i desse redaksjonane (f.v. på bildet): Annvor Seim Vestrheim (NRK Ung), Hedda Kurseth (NRK Innanriks), Ingrid Turtum (NRK Innlandet), Oda Bjønnnes Hanslien (NRK Oslo og Viken, Fredrikstad) og Synne Malen Sandven (NRK Utanriks).

Dette seier dei etter det intensive halvåret ved NRK Nynorsk mediesenter:

Hedda Kurseth: Å vere nynorskpraktikant har vore alt eg kunne tenke meg. Eg har lært mykje, fått utfordre meg, og eg har blitt enda sikrare på at det journalist eg skal bli.

Opplegget har vore intensivt, men veldig lærerikt, og eg sit berre igjen med gode minner. Vi har blitt tett følgt opp av folk med stor kompetanse. Eg vil verkeleg anbefale å vere nynorskpraktikant, og takke for moglegheita eg fekk i Førde!



Ingrid Turtum: Utan noko erfaring gjekk eg laus på eit halvår som nynorskpraktikant i NRK. Det var ei bratt læringskurve som til tider var tøff og utfordrande, men utruleg lærerik og gjevande. Eg vart raskt kasta ut i det og lærte mens eg gjekk. Gjennom grunnopplæring på loftet og arbeid ute i felt i internpraksis, fekk eg eit godt grunnlag til å gå laus på nye oppgåver i NRK Innlandet her eg har hatt eksternpraksis. Gjennom å kaste seg ut på nye prosjekt har eg gjennom ein allsidig arbeidskvardag fått utvikla meg som journalist på alle tre plattformer. Eg har fått prøvd og feila, men med god hjelp har eg også kjent på meistring.

Sjølv om det siste året har vore krevjande, har eg ikkje vilja vore utan det. Praktikanttida har opna ei dør inn i journalistikken og ei yrkesretning eg aldri hadde trudd eg skulle bevege meg i.



Synne Malen Sandven: Å vere nynorskpraktikant har vore givande og lærerikt. Det var veldig motiverande å få produsert stoff allereie første veka. Læringskurva var bratt, men eg kjende meg frå første stund trygg på at opplegget og programmet var solid. Etter to månadar med tett oppfølging og undervising gjekk vi over i intern praksis i NRK Vestland. Her fekk vi mengdetrening på alle flater. Då vi skulle ut i ekstern praksis, kjende eg meg klar for å jobbe med mindre oppfølging - og det har gått veldig bra! No kjenner eg meg trygg i jobben som journalist, og kan bruke meir tid på innhaldet og handverket, og mindre tid på kva-knapp-skal-eg-trykke-på-no. Eg vil verkeleg anbefale dette programmet vidare til alle som ønsker ei grundig og intens opplæring i journalistikk.



Eg vil verkeleg anbefale dette programmet til alle som ønsker ei grundig og intens opplæring i journalistikk

Annvor Seim Vestrheim: Tida som nynorskpraktikant i NRK har vore svært kjekk og lærerik. På få månadar har eg lært å meistra journalistikk på fleire flater, med turnus både på radio, nett og TV. Opplegget er intensivt og læringskurva er bratt. Det har vore spesielt fint å få så god rettleiing undervegs, både under opplæringa og internpraksisen i Førde, og i ekstern praksis i Oslo. Rettleiinga har vore viktig for å bli trygg i rolla som journalist, både teknisk og etisk. Opplegget er dessutan artig og effektivt, fordi ein konstant får gjort dei ulike tinga ein lærer i praksis nesten umiddelbart. Ein får rom og tid til å prøva og feila undervegs, om det så er innslag til Vestlandsrevyen eller som live-reporter på radio.



Eg stortrivst i journalistjobben og er overtydd om at tida som nynorskpraktikant kjem til å vera gull verdt vidare i karrieren, anten det vert i nyheitene eller i andre redaksjonar. For min del har eksternpraksisen i Ung-redaksjonen opna døra for eit vikariat i same redaksjon ut oktober.

Eg er overtydd om at tida som nynorskpraktikant kjem til å vera gull verdt vidare i karrieren

Oda Bjønnes Hanslien: Tida mi som nynorskpraktikant har vore ei kort reise med mykje innhald. På seks månadar har eg blitt ein fullverdig NRK-journalist. Eg har fått gjere mykje forskjellig, som å gå direkte både på TV og radio, lage nettsaker og nettvideoar, vere TV-reporter og VJ. Det som har vore verkeleg bra med opplegget er at du må lære kjapt for tida går så fort. Du er også i ein lang læringssituasjon som gjer at det alltid er lett å få hjelp og svar på gode, og litt dumme, spørsmål. Eg har lært masse om visuell journalistikk, og føler no at eg er ein mykje betre journalist enn eg var for berre seks månadar sidan.



Dette er praktikantane på kull 39



Ingrid Byggland (33), frå Vinje i Telemark

Har hatt ei journalistspire i seg i mange år, men ho utdanna seg til allmennlærer. Sidan 2019 har ho arbeidd som time- og kontakt lærar ved Rauland skule. Ho er oppteken av at nynorsk skal vere eit skriftspråk, men ser på dialekta som ein sterk del av identiteten. No ser ho fram til eventyret som ventar i Førde.

Jarand Aga Baas (25), frå Ullensvang i Vestland

Kjem frå ein gard i Hardanger og har arbeidd som omvisar og innhaldsprodusent for Aga Sideri. Han er musikal og musikkjournalist for Evig Lyttar. Han har ein bachelorgrad i musikkteknologi frå NTNU, og han har gått musikklinja på Trøndertun folkehøgskule og arbeidd som omvisar på Rockheim.

Julie Haugen (22), frå Hornindal i Møre og Romsdal

Har ein fersk bachelorgrad i PR, kommunikasjon og media ved Høgskulen i Volda. Gjennom studia har ho vore praktikant ved Innovasjon Norge sitt kontor i New York, og vore på utveksling ved Abat Oliba University i Barcelona. Ho har vore presse- og informasjons soldat i luftforsvaret, og i tillegg arbeidd med sosiale medium for Hornindal rundt og Ekstremsportveko på Voss.

Martin Værum Anda (27), frå Finnøy i Rogaland

Har vore musikal, museumsformidlar, lærarvikar, lydteknikar og fiskar. Har studert musikkvitenskap ved Universitetet i Bergen. Der skreiv han og for Studvest. Det siste året har Anda arbeidd med å hente fram att nynorsken. Han har studert historie og interkulturell kommunikasjon, og han har erfaring som låtskrivar og gitarist i band.

Matilde Sunde Solsvik (23), frå Øygarden i Vestland

Arbeider som ringevikar og fotojournalist i avisa Vårt Land, ei oppgåve ho også gjer for studentavisa Universitas. Ho har tatt toårig fotoutdanning ved Fagskulen Kristiania. Solsvik vart i 2022 kåra til «Årets nykommar» og kom på førsteplass i «open klasse» under Pressefotografane si kåring av Årets bilete.

Kull 39 startar på opplæringa i Førde 21. august, og dei skal vere ferdige som praktikantar i februar 2024. Dei blir dei første som får opplæring i Nynorskhuset. Eva Marie Felde og Brit Jorunn Svanes skal vere faglærarar for kullet.

Kvar blir nynorskpraktikantane av?

Sidan starten i 2004 har NRK Nynorsk mediesenter lært opp 190 praktikantar. Frå dei siste ti kulla er 52 prosent framleis i NRK. 30 prosent jobbar i andre medium.

Vi har tidlegare praktikantar i radio- og fjernsynsprogram, på nettet og i sosiale medium. Døme: NRK P3, Dagsnytt, Dagsrevyen, Utanriks, Ekko i P2 og Kveldsåpent i NRK P1. Det er tidlegare praktikantar på NRK-kontora i Berlin og Nairobi, i tillegg til distriktskontor rundt omkring i heile landet.

Det er også journalistar herifrå som er reporterar i TV 2, nyhenderedaktør i Nationen, politisk redaktør i Bergensavisen, utgåveredaktør i Nettavisen, redaktør i avisa Hordaland og journalistar i VG, Bergens Tidende og ei rekke andre nettaviser.

Andre arbeider med språk, informasjon, rådgjeving i t.d.: Statsministerens kontor, Valdirektoratet, Språkrådet, Forbrukarrådet, Noregs Ungdomslag og Røde Kors.

I statusrapportane tek vi berre med dei fem siste kulla:

Kull 37: 22. august 2022 – 28. februar 2023



Sander Eide Aase (2003) er vikar i Hordaland Folkeblad, **Ingrid Nedrebø (1996)** tilkallingsvikar i NRK Kultur, **Berit Helle Jonsbråten (1996)** er vikar i NRK Direkte, **Sunniva Skurtveit (1996)** er vikar i NRK Trøndelag og **Solveig Oddvarsdotter Myren (1999)** er vikar i NRK Vestland.

Kull 36: 3. januar 2022 – 30. juni 2022



Oda Flaten Lødemel (1993) er vikar i NRK Vestland, **Kristina Kassab Liland (1997)** er tilkallingsvikar i NRK Kultur, **Ingeborg Grindheim Slinde (1995)** er fast tilsett som reporter i NRK Vestland, **Ingrid Gulbrandsen Årdal (1996)** er fast tilsett som reporter i NRK Nordland og **Kasper Valestrand (1990)** er vikar i avisa Nordhordland.

Kull 35: 17. august 2021 – 28. februar 2022



Erlend Skorpetteit Aga (1996) er fast tilsett som videojournalist i TV Bra, **Ingeborg Undheim (1998)**, er vikar i NRK Direkte, **Adan Hassan Tassamma (1994)** er vikar i NRK Kultur, **Maria Gunnarsdotter Svedal (1994)** er vikar i NRK Vestland og **Bjørne Østrem Djukastein (1995)** er vikar i NRK sin innanriksredaksjon på Marienlyst.

Kull 34: 4. januar 2021 – 30. juni 2021



Åshild Slåen (1995) har ei prosjektstilling i nettvisa framtida.no, **Martha Linnea Pukallus (1999)** er frilansfotograf og -journalist, **Synne Sørenes (1994)** er vikar i NRK Vestland i Bergen, **Ingeborg Kløve-Graue (1994)** er konsulent i Helse Bergen og **Oddgeir Sæle (1991)** er vikar i NRK Vestland i Førde.

Kull 33: 19. august 2020 – 28. februar 2021



Lidvard Sandven (1996) er vikar i NRK Vestland, **Eirin Tjoflot (1994)** er fast tilsett i NRK Direkte, **Seline Larsen (1998)** er kommunikasjonsrådgjevar i Måløy Vekst, **Linn Haug Eide (1994)** er doktorgradsstipendiat og **Per-Ivar Kvalsvik (1993)** er kommunikasjonsrådgjevar i DDFinance i Nairobi.

FAKTA OM FIRE SYSTERTILTAK:

NRK Nynorsk mediesenter – for rekruttering og opplæring av nynorskbrukande journalistar for nett, radio, fjernsyn og sosiale medium. 10 praktikantar i året. Oppretta og drive av NRK sidan 2004. Samlokalisert med NRK Vestland i Førde. Senteret er modell for dei tre andre. Leiar: Rune Fossum Lillesvangstu

NRK FleRe – for rekruttering og opplæring av fleirkulturelle journalistar for nett, radio, fjernsyn og sosiale medium. Fem eller seks praktikantar i året. Oppretta og drive av NRK sidan 2008, samlokalisert med NRK Oslo og Viken i Oslo. Leiar: Iram Ansari

Samisk talentprogram – for rekruttering og opplæring av samisktalande journalistar på alle plattformer. Tek inn seks kandidatar i året. Praksisperioden er på ti månadar. Oppretta og drive av NRK Såpmi sidan 2020. Leiar: Alice Jektevik

Nynorsk avissenter – for rekruttering av nynorskbrukande journalistar for nett, avis og sosiale medium. Ti praktikantar i året. Oppretta av Amedia/Firda/Vinjefondet i 2013. Kom inn på statsbudsjettet i 2015. Nynorsk avissenter er samlokalisert med avisa Firda i Førde. Leiar: Ingunn Osland

NRK Nynorsk mediesenter samarbeider så mykje som mogleg med dei tre andre strategiske rekrutteringstiltaka:

Med NRK FleRe og Samisk talentprogram har vi felles fagdagar i Oslo. Med Nynorsk avissenter samarbeider vi om opplæring og gjesteforelesarar i ulike emne om nynorsk som mediespråk, journalistikk og etikk. Vi har dessutan sams søknadsfrist, og kandidatar som søker begge opplæringane vert kalla inn til intervju i Førde same dagen. Kjem dei inn hjå begge må dei sjølve velje kvar dei vil gå.